



TETT I TETT: Studentbustad i Moldova.



«MAN TAGER VAD MAN HAVER»: Rullestol i Moldova.

Et i Europa

rande å sjå kor glade dei er og kva som er mogleg å få til under svært dårlige forhold.

— Her og tok me med oss nokre varme klede, for om vinteren vert det særskilt kaldt i Moldova, og veldig mange kjem til å frysa. Eg synest det var ganske kaldt der nede no — og det var trist å sjå at mange berre hadde sandalar og ballerinasko å gå i, fortel Storesætre.

Set meir pris på Noreg

For å kunna ha eit godt liv i Moldova er utdanning særskilt viktig, og det er ikkje lett å koma inn på universitet. Ein må nemleg ha toppkarakterar (eller så må dei betala seg inn, og det er ikkje mange som har råd til det).

— Me vitja ei pedagogisk

avdeling på eit universitet. Det var godt utstyrt med utstyr frå Noreg og Os Vgs. Me tok og turen til ein studentbustad. Det var skremmende å sjå korleis dei budde, seier Storesætre.

På fire etasjar med 60 i kvar etasje må dei dela seks dusjar for jenter og seks dusjar for gutter.

— Tanken min når eg gjekk ut av studentbustaden var «tusen takk mamma, for at du fødde meg i Noreg!». Ein har det så uendelig godt her i Noreg, og ein skjønar det ikkje før ein ser forholda i andre land, fortel Storesætre.

— Eg sit att med mange inntrykk og minne frå turen, som definitivt vil vera med meg vidare i livet. Det å sjå gleda i menneska i

Moldova var ein stor inspirasjon. Alle var så flotte og imøtekommende.

— Eg er heldig som fekk vera med på turen og representera skulen vår. Jobben som Hans Bjørn Bakketeig og «Hjelp Moldova» gjør står det stor respekt av. Så eg oppfordrar alle til å ta ein tur innom heimesida: www.hjelp-moldova.no og ta ein titt, og kanskje bidra med ein sum?

— Ein ting er sikkert, og det er at det går til ei god sak.

RANDI KLEPPE
randi@tysnesbladet.no